



AUSTRHEIM KOMMUNE
Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM

Vår dato:
20.10.2022

Dykkar dato:
2021/60

Vår ref:
2021/6280

Dykkar ref:
2021/60

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352
Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Uttale - Høring - Austrheim - bustadområde B07 - skuleområdet ved Austrheim vgs - detaljregulering

Vi viser til melding om offentleg ettersyn av reguleringsplan for Bustadområde B07 og skuleområdet ved Austrheim Vidaregående skule.

Planforslaget legg til rette for utviding av skuleområdet til Austrheim vidaregåande skule (AVS), slik at det er moglegheit for vidare utbygging av AVS. Planforslaget regulerer og eksisterande bustadområde samt bustadområdet B07 som ikkje er utbygd i dag. Fylkesveg 5504 er regulert fram til den vidaregåande skulen.

Statsforvaltaren sine merknader

Det er myr i planområdet. Myr er lager for klimagassar og omdisponering av myr kan føre til at desse kjem ut i atmosfæren. Etter det vi kan sjå vil tilkomst til BKS1 omdisponere myrareal. I tillegg er det i blågrøn struktur opna for turveg og teknisk anlegg.

Vi meiner det er positivt at planforslaget i liten grad legg opp til nedbygging av myra. Det er likevel noko uklart kva dei reelle inngrepa kan bli, når det vert opna for både turveg og VA-anlegg i blågrønstruktur.

Å grave ned kablar i myr, sjølv om ein legg opp til tilbakeføring på overflaten, vil gje noko karbonutslepp. Gravinga kan også potensielt føre til drenering av myra. Vi viser til NINA sitt temahefte om [karbonlagring i norske økosystemer \(side 23-24\)](#), der det mellom anna står at drenering er den største trusselen for myr i Norge. Det står også at:

«Klimaendringer vil føre til varmere somre og lengre tørkeperioder i noen områder. Det vil gi uttørking av myrområder. Nedbrytingen i myr kan da øke, og dermed slippes det ut karbon. Allikevel vil store mengder karbon forbli lagret i myr hvis de får stå uberørt. I områder med fortsatt høy og jevn tilgang på nedbør, kan produktiviteten og lagring av karbon øke.»



Statsforvaltaren meiner det i større grad, må avklarast kor ein kan legge VA-anlegg og turveg. Det må også vurderast kva skade tiltaka kan få for myra. Det må særleg avklarast om tiltaka kan føre til drenering av myra.

Når det gjeld eventuell turveg bør ein avklare kor den skal gå og kor brei den kan vere. Det bør ikke tillatast ein veg som krev store terrenginngrep eller graving i myr. Tiltak i strandsona må også vurderast opp mot plan- og bygningslova § 1-8 og Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona.

ROS- analysen

Det er utarbeida ein ROS-analyse for reguleringsplanen, som ikkje er innarbeida i planskildringa. Vi meiner den bør innarbeidast for å vise verknaden av planen jf. pbl. § 4-2.

Marin verneområde for Lurefjorden og Lindåsosane

Avløp frå nye bustader er ikkje vurdert opp mot verneforskrifta i planarbeidet. Planskildringa bør omtale temaet.

Generelt er Lurefjorden ingen god recipient. Vi gjer rekning med at kommunen handsamar VA-anlegg med utslepp til Lurefjorden i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-8, jf. reglane om utslepp til *følsomme område*. Vi forventar og at kommunen følgjer opp med regulære kontrollar av avløpsanlegg i marine areal med dårlig recipient.

Vi vurderer tiltaket til å ikkje medføre vesentleg auka påverknad på verneføremålet for det marine verneområdet i nemneverdig grad dersom reinsinga av fosfor og organisk avfall vert tilstrekkeleg, jf. førra avsnitt. Sidan verneforskrifta for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde i utgangspunktet har forbod mot utslepp av avløpsvatn, vil det vere avgjerande at det er høg grad av reinsing før det blir sleppt ut. Det er også viktig at utsleppspunktet har så god vassutskifting det er mogeleg å få i ein dårlig recipient som Lurefjorden og Lindåsosane. Verneforskrifta sitt forbod mot utslepp av avløpsvatn har ikkje til føremål å hindre hytter og mindre einingar av einebustadar å ha vassklosett. Vi har etter kvart handsama fleire søknadar om dispensasjon frå verneforskrifta.

Konklusjon

Statsforvaltaren har særlege merknader til tiltaka i blågrønstruktur. Vi ber om at kommunen følgjer opp våre merknader over.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN

